



## Til deg som skal føde

### **Opplysningar om fødselen blir melde til Medisinsk fødselsregister ved Folkehelseinstituttet.**

Medisinsk fødselsregister er eit helseregister som inneheld opplysningar om alle fødselar i Noreg til bruk for helsestatistikk, helseovervaking, forskning, kvalitetsforbetring av helsetenesta og til pasienttryggleik. Føremålet med registeret er mellom anna å medverke til betre svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg.

### **Opplysningar som blir registrerte**

Alle fødeinstitusjonar i Noreg har plikt til å melde visse opplysningar om alle fødselar til Medisinsk fødselsregister:

- Namn og fødselsnummer til foreldre og barn
- Medisinske opplysningar om svangerskapet
- Opplysningar om kvinna si helse før og under svangerskapet
- Opplysningar om fødselen
- Opplysningar om barnet si helse ved fødselen
- Opplysningar om medfødde sjukdommar og misdanningar, og eventuelt dødsfall i det første leveåret til barnet.

Opplysningar om kvinna sitt yrke samt røykje- og alkoholvanar skal registrerast med mindre ho set seg imot dette. Eventuelle opplysningar om assistert befrukting skal registrerast med mindre paret set seg imot dette.

Alle opplysningane i registeret blir handsama strengt fortruleg. Namn og fødselsnummer blir lagra kryptert. Berre autorisert personell som treng det i arbeidet sitt med registeret, har tilgang til opplysningane.

### **Føremål**

Data i Medisinsk fødselsregister blir brukt til analysar som kan betre helsetenestene for gravide og nyfødde, til å finne samanhengar mellom ulike risikofaktorar og helseproblem hjå mor og barn, og til å finne ut om nye tiltak og behandlingsformer gir ønskt effekt.

### **Dine rettar som registrert**

Alle som er registrerte i Medisinsk fødselsregister har rett til informasjon om registeret og kan be om innsyn i opplysningane som er registrerte om dei sjølve eller barnet. For å få innsyn må du rette ein skriftleg førespurnad til Folkehelseinstituttet, sjå kontaktinformasjonen nedanfor.

### **Meir informasjon**

Om Medisinsk fødselsregister: [www.fhi.no/mfr](http://www.fhi.no/mfr)

Helseregisterlova og Medisinsk fødselsregister-forskrifta gir detaljerte reglar for korleis registeret skal drivast.

### **Kontaktinformasjon**

Folkehelseinstituttet, Avdeling for helseregister

Besøks- og postadresse: Zander Kaaesgate 7, 5015 Bergen

Telefon: 21 07 70 00

E-post: [folkehelseinstituttet@fhi.no](mailto:folkehelseinstituttet@fhi.no)

Internett: [www.fhi.no/mfr](http://www.fhi.no/mfr)